



Alversund Maskinstasjon AS
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1429 - 17/18889

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2017

Løyve til fjellsprenging for etablering av uteplass - gbnr 139/71 Tveiten nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 290/17

Tiltakshavar: Rune Vollset
Ansvarleg søkjar: Alversund Maskinstasjon AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om terrengarbeid/fjellsprenging for uteplass, ca. 250m² iht. profilteikningar (25m*10m), der eigedomen iht. målebrev er 2488,6m².

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid med det formål å gje ein planert uteplass.
Tiltaket medfører «vesentleg terrenginngrep»,jf. pbl. §§20-1k) og 20-3.

Tiltakshavar, Rune Vollset, er saman med Birthe Vollset, registert som heimelshavarar av gbnr 139/71 den 08.06.2017. Dei bur på same adresse og det anses tilstrekkeleg at Rune Vollset aleine har signert på søknaden som tiltakshavar.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.05.2017 og supplert 26.05.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 22.05.2017. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 26.05.2017 og 10.07.2017. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 16.06.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund er definert som bustad.



Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 27.06.2017 vedlagt tilleggsdokumentasjon mottatt 10.07.2017. På situasjonsplanen er minsteavtand til nabogrense vist til å vere 4 meter.

Planeringshøgde på eigedomen er iht. innsendte terrengprofilar opplyst til +kote 62.

Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp (VVA)

Tiltaket fører ikkje til endra bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser skravert området for planert uteplass både ift. bustad og garasje samt minste avstand til nabogrense.

Terrengprofilane viser eksisterande og nytt terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK) så langt forskrifta gjer seg gjeldande for tiltaket, jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Resultatet av tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Det presiserast at i erklæring om ansvarsrett står det på UTF - landskapsutforming, mens på gjennomføringsplanen står det på UTF - veg og grunnarbeid. Det leggst til grunn at i erklæring om ansvarsrett, så er det ment UTF- veg- og grunnarbeid då landskapsutforming allereie er beskreve under PRO.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve i eitt-trinn for terrengarbeid/fjellsprenging for uteplass på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast på skravert område som vist i situasjonsplan datert 27.06.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket, så skal faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1429

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alversund Maskinstasjon AS, Rune Bruvegen 16 5914 ISDALSTØ
Vollset

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon AS Buhaugen 6 5911 ALVERSUND